

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 06.05.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum  
**SAKA GJELD:** **Risikostyring 2015**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 024/15

**STYREMØTE:** 13.05.2015

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret vedtek plan for Risikostyring 2015 og ber om rapportering på risiko for tertial 1, 2 og 3 i 2014.

## Oppsummering

Styret slutta seg til styringsmål og delmål for risikostyring 2015 i Sjukehusapoteka Vest i styremøte 25.03.2015 (Sak 016/159), men gav nokre innspel om å vurder å tydeleggjere risikobilete rundt HMS/ sjukefråvær og Sjukehusapotekas evne til å bidra til å oppnå betra legemiddeløkonomi i sjukehusføretaka.

Administrasjonen har arbeid med dette, og det å legge tiltak knytt til styringsmål og delmål, og legg her frem T0-rapport som vil lagt til grunn for Risikostyring 2015 per tertial i Sjukehusapoteka Vest.

## Fakta

Styret slutta seg til styringsmål og delmål for risikostyring 2015 i Sjukehusapoteka Vest i styremøte 25.03.2015 (Sak 016/159), men gav innspel til administrasjonen om å vurder moglegheit for å tydeleggjere risikobilete rundt HMS/ sjukefråvær noko, og vurdere om risiko knytt til Sjukehusapotekas bidrag til å oppnå betra legemiddeløkonomi i sjukehusføretaka kunne tydeleggjerast.

## Kommentarar

Administrasjonen har på bakgrunn av innspela fr styret gjennomarbeidd planen for Risikostyring 2015 i Sjukehusapoteka Vest, og gjort nokre endringar/ presiseringar knytt til dei innspela som kom frå styret.

I tillegg har det vært gjennomført ein prosess kor det har vært knytt tiltak til styringsmål og delmål som og avspeglar dei ordinere handlingsplanane lagt i Sjukehusapoteka Vest for 2015, og kor det har vært gjort en vurdering av risikobilete ved inngangen av planperioden (T0). Resultatet av dette arbeidet kjem frem vi vedlagte Risikomatrise 2015 (Vedlegg 1).

Risikorapportering per tertial vil bli gjort i høve til Risikomatrisa som er lagt fram i denne saka.

## Konklusjon

Administrasjonen anbefaler styret å godkjenne at Risikostyring 2015 vil bli gjort med bakgrunn i den T0-rapporten som er gitt i denne saka.

## Vedlegg

1. Risikomatrise 2015